Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 26.05.2021
Vår ref: 2007/1461
Dykkar dato: 26.03.2021
Dykkar ref: NGFMMM

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS
Torvmyrane 29
6160 HOVDEBYGDA
Att. Petter Bjørn Bjørdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Endra løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall og kompostering av hageavfall for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS i Ørsta kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har behandla søknad om endring av løyve frå Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS av 26.3.2021 og har vedteke å gi endre løyve til verksemd etter forureiningslova på visse vilkår. Endra løyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt.

Vi viser til søknad av 26.3.2021 om endra løyve til verksemd etter forureiningslova.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 16, § 29 og endra i medhald av § 18. Ved avgjerda om løyvet skal gjevast og ved fastsettinga av vilkåra, har Statsforvaltaren lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket og samanhaldt desse med andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsettinga av vilkåra har Statsforvaltaren særskilt tatt omsyn til utslepp til elva.

Aktivitetar og utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betyding, har vi uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt i høve saksbehandlinga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1 til løyvet. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet.

Vi understrekar at all forureining frå bedrifta isolert sett ikkje er ønska. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor føreligge i god tid før gjennomføring av ønska endring.

At det er gitt løyve til forureining, hindrar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar bedrifta å overhalde forureiningslova og produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om reglar som kan vere aktuelle for bedrifta.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Saksframstilling og grunngjeving

Om saka
Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS fekk i 2017 innvilga løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall og kompostering av hageavfall. Løyve vart påklaga i november 2018. Miljødirektoratet har behandla klagen, fylkesmannen (no statsforvalteren) sitt vedtak av 30.11 2017 vart oppretthalde. Det vart i samsvar med fylkesmannens endringsforslag endra driftstid.
I 2019 søkte VØR om å få lede tak vatten til Ørstaelva, grunngjevnaden for dette var at kommunen sitt leidningsnett ikkje har kapasitet til å ta i mot store mengder overvatten (regnvatten). Det blei den gang gjort ei vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta og ein konkluderte med at dette utsleppet ikkje ville føre til skade. Endringa er datert 5.3.2019.

Sommaren 2020 var løyve til nytt biogassanlegget på nabotomta lagt ut på høyring, løyvet er framleis til sakshandsaming. Kvar av desse anlegga krev eigne løyve i samsvar med forureiningslova, men fordi endringane der er søkt om er relevant for begge anlegg og ei felles problemstillinga, har VØR sendt ein søknad som omhandlar begge anlegga.
Det søkjast om endring av løyve grunna endring i avrenningssituasjonen på Melsgjerdet 3 i Ørsta kommune. Formålet med endringa er å betre avrenningssituasjonen frå området. Det er delt inni reie- og ureine område, avrenning frå reint område skal til sandfang, sedimentasjon og infiltrasjon. Vatten frå ureint område skal via oljeutskiljer til kommunalspillvassleidning.

Høyringsuttaler
Endringssøknaden har vert på ei avgrensa høyring til naboar til anlegget og Ørsta kommune, saka vart og lagt ut på Statsforvaltaren si heime side i perioden 9.4.2021 til 3.5.2021. Det har berre kome inn høyringsinnspel frå Ørstavassdraget elveeigarlag og ØJFF. Ørsta kommune er leverte ein uttale etter fristen. VØR har fått tilsendt begge uttalane for å kunne kommentere på dei. VØR har fått hjelp av Norconsult til å svare ut merknadane frå Ørsta-vassdraget elveeigarlag og ØJFF.

Nils Olav Brekke har på vegne av Ørsta-vassdraget elveeigarlag og ØJFF kommentert fyljande:
Det vert fram heva i dette brevet at dersom VØR får medhald i planane dei skisserer så vil dette få direkte negative følgjer for Ørsta-vassdraget. Han meiner at Statsforvalteren gir signal om at det er avgrensa interesse for elva ved at saka ikkje har vert på ei brei høyring, og fordi det er eit nasjonalt laksevassdrag så burde også nasjonale høyringsinstansar fått uttale seg her.

Det går vidare fram av høyringsuttalen at Ørsta-vassdraget elveeigarlag og ØJFF at dei er sterkt uroa for at endringa eller ei omforming av løyve vil vere ei svekking av leve vilkåra til laksen. Ei endring kan føre til fare for negativ påverknad for Ørsta elva, som er nasjonalt laksevassdrag. Det vert vist til Stortingsproposisjon 32 (2006-2007) kor eit beskyttelses regime for nasjonale laksevassdrag og laksefjordar skal sikre villaksen ein særleg beskyttelse. Det er blant anna vist til eit avsnitt om korleis dess vassdraga skal forvaltast.

Ørsta-vassdraget elveeigarlag og ØJFF framhevar at dei er uroa for kordan handteringa av vatten frå rein sone gjennom sedimentasjon og infiltrasjon skal sikre at det ikkje ei forureining av elva. Og at det ikkje vert etablert eit naudoverløp frå urein sone til kommunalt leidning.
Det vert nemnd at dei er redde for at frost kan føre til auka avrenning til elv. I tillegg kjem faren med sløkkevatten som ein eventuell brann ville medføre for elva. Dei ser faren med auka vassmengd og vanskar med å samle sløkkevatten og fryktar at dette kjem i elva. Det er også uro kring det at anlegget ikkje er detaljprosjektert, det stillast derfor spørsmål kring vurderingane rundt infiltrasjonskapasitet.

Det vert i høyringsuttalen ytra ynske om at søknaden til VØR vert sett på i samanheng med heile verksemda som er tiltenkt industriområdet på Melsgjerdet, ikkje berre VØR si tomt. Dette med grunnlag i at all industrien skal nytta same infrastrukturen.

Det vert og stilt spørsmål til dei undersøkingane som er gjort av område si infiltrasjonsevne og moglegheita til å bygge eit infiltrasjonsanlegg som vil fungere heile året.

Det går tydeleg fram av høyringsinnspelet at dei er kritisk til at vatten frå rein sone skal infiltrerast i grunnen. Og stiller spørsmål om dette villa seg gjer i praksis utan at det kjem forureiningar til elva.

<u>VØR og Norconsult sin kommentar til høyringsuttalen</u>
VØR skriv at dei er opptatt av å sikre tilhøva for villaksen. Dei tolkar vernet som villaksen har som eit pålegg til verksemdene som grensar inn til vassdraget om mellom anna å sørge for at elvemiljøet og oppvekstvilkåra til yngel ikkje vert forringa og helst betre desse, det legg dei opp til i søknaden og i byggearbeida som er i gang på tomta. Søknaden deira gjeld infiltrasjon av vatten frå rein sone frå tomta gnr. 44 bnr. 25. Dei har definert rein sone som vatten frå asfaltert område ute.
VØR presiserer at vernet villaksen har i nasjonaltregelverk ikkje er eit forbod mot aktivitet i nærliggande område til elva.

VØR skriv i sin tilbakemelding på høyringsuttalen frå Ørsta-vassdraget Elveeigarlag og ØJFF at det det er teke opp fleire argument mot tiltak som det ikkje er søkt om. Til dømes er dette at vatten frå ureinsone skal infiltrerast, dette er feil. Slikt vatten skal i spillvassnettet. VØR skriv vidare at det er sett fram udokumenterte påstandar om at der ikkje er ledig kapasitet i den kommunale spillvassleidninga til område. VØR har løyve til påslepp av 5 l/s til kommunalt spillvassleidning, men ynskjer ikkje å nytte seg av maksimal grense fordi det ikkje er heldig å sende eller samfunnsøkonomisk å sende tilnærma reint vatten til reinsing. Men dei har høve til å gjere det.
Dei orienterar videre at kommunen gjorde ein fagleg vurdering av kapasiteten i det kommunale spillvassnettet før dei fekk påsleppsavtale i 2020, det skal her og ha vert tatt med påslepp frå andre verksemder i området.

Norconsult har svart ut det som dei meiner er relatert til deira oppdrag.
Høyringsuttalen frå Ørsta-vassdraget Elveeigarlag og ØJFF trekk frem at det er ein fare for at vatten frå sedimenteringsbassen til infiltrasjonsgrøft skal gå rett i elva.

Her kjem Norconsult med ei klargjering på at anlegget ikkje er basert på infiltrasjonsgrøft, men infiltrasjonsbasseng og der ikkje vil vere noko direkte fysiske tiltak eller knyting mellom anlegget og elva. Det vil verte etablert eit naudoverløp frå infiltrasjonsbasseng til kommunalt spillvassnett. Dette blir ei ekstra sikring mot utslepp til elva; dersom infiltrasjonsbassenget går fullt, blir vatnet vidareført til kommunal spillvassleidning i staden for å bli ført til elva. Det skal og bli etablert løysningar som gjer at ein i staden for å pumpe mot infiltrasjonsbasseng kan pumpe mot spillvassleidninga. Dette vil vere aktuelt i til dømes vedlikehaldssituasjonar av infiltrasjonen.
Overflatevatten frå «urein sone» skal ikkje førast til infiltrasjon, men pumpast til spillvassnett.
Når det gjeld kommentaren på frost og brann svarar Norconsult at infiltrasjonsanlegget ikkje er ferdig prosjektert. Frostproblem er ei kjend problemstilling ved slike anlegg, og det er noko som vil verte prosjektert . Frost er ved mange høve eit kjent problem og det er viktig å utforme det slik at anlegget vil fungere året rundt. Det vil verte teke med erfaringar frå tilsvarande anlegg i prosjekteringa og løysningar tilpassa akkurat dette anlegget.
Ved brann vil pumper stoppe, og sløkkevatten vil samlast i fordrøynings-/sedimenteringsbasseng. Soleis vil ikkje sløkkevatten komme inn i infiltrasjonsanlegget. Alt av overflatevatten utandørs har avrenning til slukar inne på området, og vil ende opp i fordrøyings-/sedimenteringsbasseng. Vatten frå brannsløkking må handterast spesielt og fjernast med sugebil i samband med anna opprydding i etterkant av ein brann.

På kommentaren til Ørsta-vassdraget Elveeigarlag og ØJFF om at anlegget ikkje er prosjektert svarar Norconsult at det å undersøke infiltrasjonsevna til området er ein føresetnad for om infiltrasjon kan tilrådast og eventuelt om det er grunnlag for løyve. Detaljprosjektering bør skje etter ein har gjort naudsynte vurderingar av infiltrasjonsevene, men med ei noko lunde vissheit om godkjenning av løyve. Det er utført to infiltrasjonstestar som dokumenterer infiltrasjonsevna.
Når det gjeld prøvetaking og av anlegget skriv Norconsult:
Det er mogleg å ta prøver på fleire punkt på anlegget. Både før fordrøyings-/sedimenteringsbasseng, i fordrøyings-/sedimenteringsbasseng, i infiltrasjonsbassenget og i prøvetakingsbrønn etter infiltrasjonsanlegg. Krav til prøver og rutinar for prøvetaking må utformast før anlegget vert teke i bruk.
Prøvetakingsbrønn er for å kunne dokumentere reinsegrad og tilstand på grunnvatn nedstraums anlegget. Ved driftsstopp på infiltrasjonsanlegget, vil resten av anlegget fungere som normalt der fordrøyings- /sedimenteringsbasseng vil fordrøye pumpemengda slik at ein overheld løyvet frå Ørsta kommune. Den aktuelle eigedomen får prosjektert løysing etter gjeldande løyver. Det er berekna mengder og kapasitet også med tanke på vidare utvikling på denne eigedomen.
Ørsta kommune har gjeve eit løyve til påslepp på 5 l/s til spillvassnett, denne er forutsett reservert eigedomen. Anlegget må overhalde og handtere sitt behov til ikkje å overstige dette løyvet. Dette vert gjort gjennom fordrøying, og eventuelt ved infiltrasjon om det vert gitt løyve for dette.
Vidare utbygging i området er ikkje Norconsult kjent med, og er heller ikkje ein del av vårt oppdrag å vurdere.
Dette som eit svar på Ørsta-vassdraget Elveeigarlag og ØJFF sine kommentarar rundt uregelmessigheiter eller uføresette hendingar/naudsituasjonar på anleggsområdet

Når det gjeld lager område for snø vert det presisert at desse er meint for snø frå anlegget, ikkje snø frå andre stader. Smeltevatten vert leda til slukar inne på tomta og handtert som anna overflatevatten.

Det er forklart kva som meinast med infiltrasjonsevna, som seier noko om kapasiteten grunnen har til å ta til seg væske, kor mykje vatn kan renne igjennom den, ikkje i kva grad den reinsar vatnet. Reinsinga skjer i sedimentasjonsbasseng og infiltrasjonsmediet i infiltrasjonsbassenget. Her vil partiklar og forureiningar legge seg att.

Ørsta kommune si uttale til søknaden
Kommunen har tidlegare gitt fråsegn til søknaden om etablering av avfallsanlegg her. Endringa no gjeld inndeling i ei rein og ei urein sone, der urein sone går til kommunal spillvassleidning og rein sone til lokal infiltrasjon i grunnen. Dette for å avlaste kapasitet på kommunalt leidningsnett.
Reguleringsplanen for området legg stor vekt på å unngå avrenning til Ørstavassdraget. Vi legg her til grunn at Statsforvaltaren nøye vurderer kva aktivitet og prosessar som lyt ligge i urein sone. Vi set likevel spørsmål ved om det er mogleg å reingjere bilar i tilstrekkeleg grad slik at transportarealet til og frå hallane der avfallet vert levert kan definerast som rein sone.
Kommunen saknar ei utgreiing på kordan slam frå sedimentasjonsbasseng skal handterast/nyttast.

VØR sin kommentar til høyringsuttalen
I den grad det oppstår noko slam som samlar seg opp i sandfang og sedimentasjonsbasseng, må det leverast til godkjent deponi som sandfangslam.
Når det gjeld spørsmålet om reingjering av bilar svarar VØR at dei nyttar Norconsult sin faglege kompetanse på område til kva som er tilstrekkeleg reingjering. VØR gjer merksam på at bilane er like reine eller skitne som andre køyretøy etter vegane, når dei kjem til Melsgjerdet 3, for å tømme avfallslassa sine. Men om dei skulle vere uheldige å få avfall t.d. på dekka under tømming, gjennomgår bilane ein reingjeringsprosess av dekk og understell som måtte vere ureina, før dei køyrer ut i rein sone. Oppsamling i urein sone går via oljeutskiljer til spillvassnettet.
Det som måtte vere att av ureining på bilane, er vanleg vegstøv som vert vaska bort i vaskehall ved arbeidsdag slutt.
All aktivitet i vaskehall går også via oljeutskiljarar og til spillvassnettet, og ikkje sedimentasjonsbassenget.

Statsforvaltaren sine kommentarar
VØR har sendt inn ein søknad med formål å betre avrenningssituasjonen frå Melsgjerdet 3. Området har blitt delt inn i rein- og urein sone. Det er ikkje nemnd takvatten i søknaden, men sidan formålet er å betre avrenningssituasjonen antek vi at dette er inkludert i vatnet frå rein sone. Ved å gjere dei endringane som det er søkt om vil det ikkje vere direkteutslepp til elva og ein minskar fara for forureining av elva. Det er i søknaden gjort ein grundig vurdering etter naturmangfaldlova, vi har berre kommentert at det og er gjort funn av elvemusling nedstrøms.

Vi gjer merksam på at det berre er forhald som omhandlar søknaden som vi vil kommentere vidare Som det og står omtala i innspelet frå elveeigarlaget så har ikkje Statsforvaltaren kunngjort denne endringa i avisa og på kommunen sine heimesider, berre på Stasforvaltaren i møre og Romsdal sine heimesider og med varsel i form av brev til naboar og kommunen. Området er ferdig regulert i høve til plan, og det er allereie gjeve løyve til verksemda. Dette løyve vert påklaga og har vert til handsaming i Miljødirektoratet. Vedtaket dei fatta er endeleg.

Det som omhandlar detaljar til søknaden har VØR og Norconsult svara på, Statsforvaltaren vil kommentere på søknaden i forhold til våre ansvarsområde. Vi har ved dette høve ikkje anledning til å regulere andre område enn det som tilhøyrar VØR.

Vurdering i forhald til Naturmangfaldlova og vassforskrifta
Etter at vassforskrifta kom har alle vassførekomstar fått beskyttelse. Det går fram av forskrifta at dersom det er fare for forverring av økologisk tilstand, må tiltaket vurderast etter vassforskrifta § 12, ny aktivitet eller nye inngrep. I dette høvet kan infiltrasjon i grunnen medføre ei lokal midlertidig

heving av grunnvatten, men det vil drenerst ut. Det tiltaket som VØR har søk om vil ikkje ver til hinder for å oppnå miljømåla i vassforskrifta. Tiltaket vil derfor ikkje utløyse vidare tiltak.

Vann-nett.no gjer oss ein del informasjon om tilhøva i vassdrag og for Ørsta elva, nedre del kan ein lese at vassdraget har beskyttelse etter er Lakse- og innlandsfiskelova § 7. Denne lova seier at det ikkje er tillate med nye inngrep og aktivitetar som kan skade villaksen. Det er ikkje vedteke i eigen forskrift eller lov, men ein paragraf i lakse- og innlandsfiskelova og vassressurslova § 7 a). Det går fram av denne at når det vert fatta vedtak eller gjennomførast tiltak som kan påverke laksen sine levevilkår, skal dei særskilde omsyna som fyljer av Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar leggjast til grunn. Og laksen skal sikrast beskyttelse mot skadelege inngrep. Eksempel på desse finn ein i tabell 6.1. Eit døme på tiltak er når det er utslepp av forureinande komponentar. I dette høve vil det ikkje ver utslepp direkte i elva og det skal heller ikkje vere forureining i det som vert infiltrert.

Elva er registrert med god kjemisk og økologisk tilstand. Men er i risiko når det gjeld anadromfisk, påverknaden her kjem frå akvakultur i form av rømt fisk og lakselus. At laksebestanden er vurdert til å ha dårleg genetisk integritet er ikkje noko som skal vektleggjast. Av 181 skjelprøvar i fjor (2020) vart berre ein vurdert til oppdrettslaks. Men det kan framleis vere oppdrettsgenar.
Ein antek at miljømålet vet nådd i perioden 2027-2033.

Det er observert elvemusling nedanfor Melsgjerdet, dette skal dokumenterast nærare sommaren 2021. Elvemusling er ein sårbar art for nedslamming.

Dei aktivitetane som er søkt om vil ikkje medføre fysiske inngrep i vassdraget og infiltrasjon av vatten sikrar at det ikkje kjem partiklar ut i vassdraget. Det vatnet som skal infiltrerast skal komme frå rein sone og går igjennom eit sedimentasjonsbasseng for å fjerne eventuelle ureinheiter frå vatnet før det vert infiltrert. Det skal vere mogleg å stenge sedimentasjonsbassenget ved uhell. Vatten skal då ledast til kommunal spillvassleidning. Med dei vilkår som vert stilt i løyve meiner statsforvaltaren at ein har teke dei omsyn som er nødvendige for å ivareta Ørstaelva.

Dei endringane som det er søkt om vil ikkje føre til anna påverknad i høve naturmangfaldlova enn det som allereie er vurdert i tidlegare løyve.

Konklusjon
Ut frå dei vurderingar som er gjort vil Statsforvaltaren i Møre og Romsdal endre løyve når det gjeld utslepp av overflatevatten frå reint- og ureint område, dette inkluderer også takvatten. Endringar i løyve vil gå fram av endingsloggen. Med bakgrunn av fastsette vilkår meiner Statsforvaltaren i Møre og Romsdal at endringane i løyve til VØR ikkje vil føre til uakseptabel forureining.

Varsel om gebyr
Verksemda skal betale eit gebyr for vår behandling av søknaden (jf. forureiningsforskrifta kapittel 39-3). Ut frå opplysningane som er gitt i søknaden, og med gått tid til møter har vi plassert saka i gebyrsats 5, jf. § 39–4. Saksbehandlingsgebyret i sats 5 er kr 67 600. Grunnlaget for val av gebyrsats er tid og ressursar hos Statsforvaltaren i samband med behandling av søknaden.

Merknader til dette førehandsvarselet kan sendast til oss innan to verker etter at det er mottatt.

Reglane om innkrevjing av gebyr til statskassa for Statsforvaltaren sitt arbeid med løyve og kontrollar står i forureiningsforskrifta kapittel 39 og kan lesast på www.lovdata.no.

Klage
Partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, kan klage på. Fristen for å klage er 3 veker frå underretning om vedtak er komen fram, eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal angi kva det blir klaga over, og den eller dei ønska endringane. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betyding for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, slutte at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for nærare opplysningar om dette. Statsforvaltaren kan også gi meir opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betyding for saka ved etterspørsel.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Gunnhild Liva Austvoll
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall og kompostering av hageavfall for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS i Ørsta kommune

Kopi til:
Ørsta kommune Dalevegen 6 6153 ØRSTA
Nils Olav Brekke

Løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall og kompostering av hageavfall for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS i Ørsta kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. §§ 16 og 29 og endra i medhald av § 18. Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningar i søknaden og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 3 til og med side 23.

Bedrifta må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal kva endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet tok til å gjelde, skal bedrifta gjere greie for omfanget av verksemda til Statsforvaltaren slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Bedriftsdata

Bedrift	Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Lokalisering/gateadresse	Melsgjerdet
Postadresse	Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda
Kommune og fylke	Ørsta kommune i Møre og Romsdal
Org. nummer (bedrift)	984068085
Gards- og bruksnummer	44/20 og 22
NACE-kode og bransje	38.110 – Innsamling av ikkje-farleg avfall
NOSE-kode/kodar	109 Behandling og disponering av avfall

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse[1]
2017.0958.T	1520.0102.01 og 1520.103.01 (kompostering)	3

Løyve gitt: 30.11.2017	Endringsnummer: 3	Sist endra: 26.5.2021

Christian Dahl (e.f.)
fagleder

Gunnhild Liva Austvoll
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

[1]Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.

Endringslogg

Endringsnummer	Dato	Endringar av	Punkt	Skildring
1	6.3.2019	Driftstid	3.9	Vedtatt i klageavgjersle frå Miljødirektoratet
2	6.3.2019	Overflatevatn	4.2	Takvatn kan førast til elv
3	26.5.2021	Logo og namn	Forside og i løyve	Frå Fylkesmannen til Statsforvaltaren
3	26.5.2021	Lagt til nytt	2.4	Presisering av at vatnet som ledast til infiltrasjon skal komme frå rein sone
3	26.5.2021	Lagt til kompetansekrav	2.5	Verksemda skal ha kompetanse på drift av sedimentasjons-/infiltrasjonsbassenget
3	26.5.2021	Presisering på kor vatnet frå kompostering skal ledast	3.5	Vatten frå komposteringsområde skal ledast til kommunal spillvassleidning
3	26.5.2021	Avsnittet om overflatevatten er endra i sin heilhet	4.2	Dette er utgangspunktet for endring av løyve. Det vert laga sedimentasjons-/infiltrasjonsbassenget som vatten frå rein sone skal ledast til
3	26.5.2021	Dette avsnittet er nytt	4.3	Omhandlar dimensjonering av sedimentasjons-/infiltrasjonsbassenget
3	26.5.2021	Ny prosedyre i avsnittet førebyggande tiltak	10.2	Det skal utarbeidast prosedyre for når ein skal stenge sedimentasjons-/infiltrasjonsbassenget. Dette som forebyggande tiltak.
3	26.5.2021	Overskrift og siste avsnitt	11.1	Overskrifta er endra til Målingar og det er satt inn eit avsnitt om prøvetaking frå sedimentasjons-/infiltrasjonsbassenget

1 Rammer for løyvet

Løyvet er basert på eit årleg mottak av **inntil 8 600 tonn** hushaldnings- og næringsavfall fordelt på følgjande fraksjonar:

Type avfall	**Mengde pr. år**	**Maksimal lagringstid**
Plast	400	12 månader
Glas/metall	300	12 månader
Papir, papp, kartong, glass	1 200	6 månader
Hageavfall*	1 200	6 månader
Ferdig kompost		12 månader
Matavfall	2 000	1 veke
Restavfall	3 000	1 veke
Avløpsslam	500	1 veke

*Før kompostering

Dersom det periodevis vil oppstå behov for lengre lagringsperiodar, må det utarbeidast eigne planar for dette som omfattar skildring av avfallsmengder og -typer, tidsrom, tiltak for å hindre forureining med vidare. Slik lagring må klarerast med forureiningsmyndigheita på førehand.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så mykje som råd

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår.

Stoffa på prioritetslista, oppførte i vedlegg 1, er blant dei mest helse- og miljøfarlege stoffa som er i bruk. Utslepp av desse stoffa er berre tillatne dersom dei er så små at dei må reknast å vere utan miljømessig betydning. Verksemda skal vere spesielt merksam på eventuell fare for utslepp av stoffa på prioritetslista.

2.2 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si etter internkontrollforskrifta[2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetane som kan føre til forureining og må kunne gjere greie for risikotilhøve. Plikta til å gjennomføre risikoanalyse følgjer av vilkår 10.1.

All aktivitet skal vere risikovurdert med tanke på det ytre miljøet.

[2] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6.desember 1996.

2.3 Plikt til førebyggande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggande vedlikehald av utstyr som kan ha betydning for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7.

2.4 Plikt til å gjennomføre tiltak ved auka fare for forureining

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å sette i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, medrekna om nødvendig å redusere eller innstille drifta. Det er særs viktig at handteringa av overflatevatten som går til infiltrasjon ikkje er forureina.

Verksemda skal snarast råd informere Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om unormale tilhøve som har eller kan betydning for forureining. Akutt forureining skal i tillegg varslast etter vilkår 10.4.

2.5 Krav til kompetanse

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle og lagre mottatt avfall slik at det ikkje oppstår utslepp eller fører til forringing av miljøet, jf. avfallsforskrifta. Dei skal i tillegg har kunnskap om drift av sedimentasjons-/infiltrasjonsbasseng. Verksemda skal i tillegg rå over tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko for verksemda si.

2.6 Informasjon til kundane

Verksemda skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva for typar avfall som det er lovleg å levere til anlegget og korleis avfallet skal leverast.

3 Mottak og handtering

3.1 Mottak av avfall

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll som sikrar at avfall som kommer inn til anlegget, er i samsvar med løyvet. Verksemda må sørge for at avfallet blir sortert ut og handtert på ein forsvarleg måte med omsyn til miljøet. Avfallet kan enten returnerast til avfallsprodusenten eller så raskt som mogleg sendast videre til godkjent mottak.

Ulovleg avfall som kjem inn, skal registrerast som avvik, og avfallsprodusenten skal varslast om feilleveringa. Mottakskontrollen skal også omfatte eit aktivt system og rutinar som hindrar at slike forhold blir gjentek seg.

3.2 Handtering av avfall

Farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall. Oppsamla spill og vatn som er forureina med farleg avfall, skal handterast som farleg avfall.

Verksemda skal ha oppdatert driftsinstruks og føre dagleg driftslogg for dei delane av anlegget der dette er nødvendig for å sikre forsvarleg drift.

Anlegget skal ha system som sikrar at kildesortert avfall tilfredsstiller krav som følgjer av etablerte ordningar for materialgjenvinning av avfall, energigjenvinning i ulike forbrenningsanlegg eller deponering, jf. vedlegg 2 til kapittel 9 i avfallsforskrifta.

3.3 Sortering og lagring av avfall

All lagring, sortering og omlasting av avfall skal gå føre seg innandørs på tett dekke. Uorganisk materiale som av praktiske grunnar ikkje kan haldast innandørs, kan lagrast, sorterast, kvernast og omlastast på fast dekke utandørs.

3.4 Mottakskontroll kompostering

Når avfallet kjem inn på mottaksanlegget, skal det vurderast om det er behov for strakstiltak for å hindre utvikling av lukt. Det skal etablerast rutinar for å avdekke og handtere hageavfall med plantesjukdommar, svartelista artar og framande artar.
Avfallet skal berre bestå av:

- Gras, halm og høy
- Kvistar, frukt og grønsaker frå hagar
- Lauv

3.5 Utforming av areal til kompostering

Komposteringsområdet skal ha asfaltert flate med avrenning til sluk. Anlegget skal vere sikra mot tilkomst frå uvedkommande. Utstyr til brannslokking skal vere tilgjengeleg.
Vatten frå dette området skal førast til kommunal spillvassleidning.

3.6 Kompostering av hageavfall

Komposteringsprosessen skal går føre seg under optimale tilhøve når det gjeld luft, vatn og temperatur. Sjølve komposteringa skal gjerast i tråd med beste praksis for kompostering av hageavfall (Avfall Norge-rapport nr. 3/2016 eller nyare utgåve).

Alt hage- og parkavfall må kvernast før kompostering. Kverning vil gje ein meir homogen struktur og finfordeler avfallet for å gje det best moglege utgangspunktet for komposteringa. Dersom hage- og parkavfall ikkje kan kvernast opp fortløpande, må det vere tilstrekkeleg areal for mellomlagring.

Verksemda skal så langt som mogleg drive komposteringsprosessen slik at plantesjukdommar, frø og andre uønskte organismar blir uskadeleggjort. Ferdig kompost skal oppbevarast slik at uønskte organismar blir hindra i å etablera og spreie seg. Greiner som ikkje er ferdig kompostert, kan takast tilbake i ny kompost.

Ferdig kompost frå hage- og parkavfall skal ettermodnast på eit område med tett dekke. Ettermodning av kompost skal følgje Avfall Norge-rapport nr. 3/2016 eller nyare utgåve.

Før komposten kan omsetjast, skal det takast prøvar av komposten. Mattilsynet har laga ei rettleiing for prøvetaking av kompost som er basert på NS-EN 12579. Prøvetaking skal følgje denne rettleiinga, og det skal takast minst 12 prøvar fordelt over ranken.

Avfall frå komposteringa og eventuell kompost som ikkje kan leverast som produkt, skal leverast til godkjent anlegg med løye til mottak av desse avfallstypane.

3.7 Framande artar

Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreiing av plantar som er svartelista frå komposteringsanlegget og via komposteringsprodukt. Dette arbeidet skal dokumenterast. Kva for artar som er på «svartelista», går fram av vedlegg 1 og 5 til «Forskrift om fremmande organismar». Rynkerose, spansk kjørvel, slirekneartar, kjempespringfrø, hagelupin, tromsøpalme, kjempebjørnekjeks, japanpestrot og legepestrot skal ikkje takast inn i komposteringa. Desse artane må handterast separat og sendast til forbrenning.

3.8 Nærmiljøet

Verksemda pliktar alltid å halde anlegget og områda omkring, inkludert dei næraste tilførselsvegane i orden og fri for forsøpling.

3.9 Driftstider

Ordinær driftstid skal vere innanfor tidsrommet frå klokka 06 til klokka 18 måndag til fredag. Det gis inntil 50 døgn der driftstida kan utvidast frå kl. 18:00 til 21:00.

4 Utslepp til vatn

4.1 Generelle vilkår

Verksemda skal syte for at handteringa av avfall ikkje fører til forureinande utslepp til vatn ved søl og lekkasjar og andre liknande diffuse utslepp. Utsleppet frå oljeutskiljarar skal førast til kommunalt nett.

Alt oljehaldig avløpsvatn frå vask av bilar, tankar og liknande, samt eventuell avrenning frå flatar utandørs der det kan oppstå oljesøl, skal reinsast i sandfang og oljeutskiljer som er dimensjonert etter størst mogleg belasting. Nedstrøms for oljeutskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gir høve til å ta prøver av avløpsvatnet utan at det er nødvendig å stige ned.

Verksemda pliktar å ha best mogleg drift av oljeutskiljaren. Dette omfattar både å ha kontroll med at oljeutskiljaren har tilstrekkeleg kapasitet til å behandle dei faktiske belastningane, og at driftstilhøva er optimale.

Oljekonsentrasjonen i utsleppet frå oljeutskiljaren skal ikkje overstige 50 mg/l.

4.2 Overflatevatn

Ute områda har blitt delt inn i rein og urein sone. For fase A som omfattar dette løyve er rein sone er vatten som kjem frå asfalterte flater og takvatten. Alt vatten frå hytterenovasjons område, vaskeplassar og evt. vatten som vert brukt inne er definert som ureint. Vatten frå urein sone skal ledast til kommunal spillvassleidning via oljeutskiljer. Overflatevatten frå dei områda som er kategorisert som reine, kan ledast til sandfang, sedimentasjons- og infiltrasjonsbasseng. Det skal vere mogleg å ta prøver av vatnet frå infiltrasjonslaget. Overflatevatn skal ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

4.3 Sedimentasjons- og infiltrasjonsanlegg

Sedimentasjons- og infiltrasjonsanlegget skal byggast slik at avrenning frå overflater på området renn gjennom sandfang mot fordrøyings-/sedimenteringsbasseng. Her vert vatnet pumpa gjennom ei fordelingsleidning mot infiltrasjonsbassenget. Vatnet renn så ut over overflata på bassenget og trenger ned i massane. Lagdelinga skal vere:

1. Eit vekstsjikt, 0,15 m, der ein plantar våtmarksplanter som kan suge opp ein god del av vatnet og vil
   stoppe eventuelle restar av olje og biofilm som ikkje vert stoppa i sedimentasjonsbassenget.
2. Filtersjikt, 0,5 m, av homogen sand som polerer og filtrerer vatnet.
3. Infiltrasjonssjikt, min. 0,2 m, med velgradert grus/pukk som transporterar vatnet vidare til eksisterande
   masser i grunnen.

Det skal nyttast vaska naturstein/-sand i alle sjikt i infiltrasjonsbassenget.

Anlegget skal byggast som skissert av Norconsult i søknad av 21.05.2021. Det er særs viktig at stengeventiler og overløp fungerer.

4.4 Sanitæravløpsvatn

Verksemda pliktar å følgje kommunen sine krav for utslepp av sanitæravløpsvatn.

Dette løyvet grip ikkje inn i kommunen sin rett til å stille krav ved eventuell tilknyting til eit kommunalt nett.

5 Utslepp til luft

5.1 Generelle krav

Diffuse utslepp til luft, til dømes frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal begrensast mest mogleg.

5.2 Støv

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og uteområde reingjerast regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak settast i verk.

5.3 Lukt

Luktimmisjonen ved næraste bustad, fritidsbustad, utdanningsinstitusjonar og barnehagar mv. skal ikkje overstige 0,5 ou_E/m^3 (konsentrasjon), oppgitt som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil (frekvens og midling). Luktkravet gjeld frå dags dato.

For å avgrense luktulemper hos naboeigedommar i størst mogleg grad, skal verksemda utarbeide ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i tråd med tilrådingar som er gitte i rettleiar TA 3019/2013, «Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven», jf. vedlegg 5 til rettleiaren.

Verksemda skal ha eit system for registrering av innkommande luktklagar som skal knytast til geografisk stad og tid. Desse klagene skal loggførast. Det skal givast ei vurdering av årsaka til luktutsleppet og ei skildring av eventuelle tiltak som blir sette i verk. Denne informasjonen skal gjerast kjent for naboane og Statsforvaltaren.

Tal på luktklager i løpet av året skal vere ein del av den årlege rapporteringa til Statsforvaltaren, jf. pkt. 11.3.

6 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde løpande oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på bedriftsområdet og forureina sediment utanfor, under dette faren for spreiing, samt vurdere behovet for granskingar og tiltak. Er det grunn til å anta at granskingar eller andre tiltak vil vere nødvendige, skal forureiningsmyndigheita få varsel om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, eventuell godkjenning frå kommunen, jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 *Opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider*.

7 Kjemikalium

Med kjemikalium meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som er i bruk i verksemda, både som hjelpekjemikalium, til dømes begroingshindrande midlar, vaskemidlar, hydraulikkvæsker og brannbekjempingsmidlar.

For kjemikalium som blir nytta på ein slik måte at det kan føre med seg fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av kjemikalia sine helse- og miljøeigenskapar på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. Også vilkår 2.4 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikalium. Systemet skal ta føre seg ei løpande vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som skuldast dei kjemikalia som blir nytta, og om det finst alternativ. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst betre alternativ, pliktar bedrifta å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe, jf. produktkontrollova[3].

[3] Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) av 11.juni 1979 § 3a.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetting eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.[4]

8 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller utrekna som innfallande lydtrykknivå ved den mest støyutsette fasaden:

Dag (kl. 06-18) $L_{pAekv12h}$	**Kveld (kl. 18-21)** $L_{pAekv4h}$	**Lørdag (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$	**Søn-/heilagdagar (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vege gjennomsnittleg nivå (dBA) midla over driftstid der T oppgir midlingstida i tal på timar.
L_{AFmax}, som er gjennomsnittleg A-vege maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overhaldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå aktiviteten til bedrifta, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarar og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av dei tilsette i verksemda til og frå bedriftsområdet, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygningar av den typen som er nemnd over når bygningane er etablerte etter at støygrensene tok til å gjelde.

9 Energi

9.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing i bedrifta for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan settast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal vere ein del av internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.6, og følgje prinsippa og metodane som norsk standard har sett for energileiing.

9.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogleg grad nytte overskotsenergien frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige bedriftsområde legge til rette for at overskotsenergien skal kunne nyttast eksternt med mindre ho kan dokumentere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

[4] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH -forskriften) av 30. mai 2008

10 Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av alle aktivitetane ved anlegget med tanke på det ytre miljøet. Verksemda skal vurdere resultata i forhold til kva ho meiner er akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Verksemda skal ha oversikt over kva for miljøressursar som kan bli påverka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

10.2 Førebyggande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både tiltak som reduserer sannsyn og konsekvens skal vurderast. Verksemda skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggande tiltaka.

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt avgrense risikoen for akutte utslepp, inkludert akutte utslepp frå oljeutskiljar(ar) og som følgje av brann i anlegget.

Verksemda skal sikre prosedyrar for stenging av sedimentasjonsbassenget ved fare for forureina vatten.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei iverksette risikoreduserande tiltaka, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining.

Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Beredskapen mot akutt forureining skal øvast i ein frekvens som er tilpassa verksemda.

10.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[5] om varsling av akutt forureining. Bedrifta skal og så snart som råd melde slike hendingar til Statsforvaltaren. Rutinar for varsling skal vere skildra i internkontrollsystemet til verksemda.

11 Målingar av utslepp og rapportering

11.1 Målingar

Verksemda skal gjennomføre kontrollmålingar av oljeinnhaldet i utsleppet frå oljeutskiljaren eller liknande reinseinnretning. Formålet med målingane er å dokumentere at krava som er gitte, blir overhaldne. Verksemda sin kontroll av eigne utslepp skal vere kvalitetssikra. Analysen skal utførast av eit akkreditert laboratorium.

[5] forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 9.juli 1992

Målingane skal gjennomførast minst 4 gonger i året, ein gong i kvartalet. Målingane skal utførast **før** tømming, og skal inngå i verksemda sin internkontroll.

Det skal gjennom ei risikovurdering av sedimentasjons- og infiltrasjonsbassenget lagast eit måleprogram for når ein skal ta målingar og kva det skal analyserast for. Målingane skal sikre at det ikkje kjem forureiningar til elva.

11.2 Journalføring

Det skal førast kontinuerleg oversikt (journal) over kva slags avfall og mengder som blir tatt imot og passerer anlegget. Av journalen skal det gå fram mengder og leveringsstader for det farlege avfallet.

11.3 Rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal årleg utarbeide ei avfallsoversikt som gjer greie for mengder og typar farleg avfall som er:

- lagra i byrjinga av året (01.01.)
- tatt imot
- sendt vidare
- lagra på verksemda sitt område ved slutten av året (31.12.)

I tillegg skal rapporten:

- Gjere greie for eventuelle avvik
- Innehalde resultat frå målingar av avløpet frå oljeutskiljaren

Denne oversikta skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal årleg innan 1. mars. Skjema for rapporteringa er tilgjengeleg på https://www.Statsforvaltaren.no/More-og-Romsdal/Om-oss/Skjema/ fram til det blir gjort tilgjengeleg i Altinn.

11.4 Miljøovervaking

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal kan krevje at det blir gjennomført nødvendige undersøkingar for å kartlegge utslepp til ytre miljø. Utgifter til slike undersøkingar skal dekkast av eigaren.

12 Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdratt til ny eigar, skal melding om dette sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal så snart som mogleg og seinast 1 månad etter eigarskiftet.

13 Nedlegging eller stans i verksemda

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid i førevegen meldast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Alt som er lagra av farleg avfall, skal leverast til godkjent mottak eller sluttbehandling. Tiltaka som finn stad i samband med dette, skal rapporterast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 3 månader etter nedlegginga eller stansen. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponeringa av det farlege avfallet og namna på dei verksemdene som har overtatt avfallet.

Vi kan fastsette nærare kva for tiltak som er nødvendige for å motverke forureining samt pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av eventuelle framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sjå til at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom ein ønskjer å ta opp igjen verksemda, skal melding om dette sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i god tid før ein planlegg å ta til.

14 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som blir bemyndiga av denne, føre tilsyn med anlegga til ei kvar tid.

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig betydning

Metall og metallforbindelsar:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelsar	As og As-forbindelsar
Bly og blyforbindelsar	Pb og Pb-forbindelsar
Kadmium og kadmiumforbindelsar	Cd og Cd-forbindelsar
Krom og kromforbindelsar	Cr og Cr-forbindelsar
Kvikksølv og kvikksølvforbindelsar	Hg og Hg-forbindelsar

Organiske forbindelaer:

Bromerte flammehemmarar*:*	**Vanlige forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelsar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksinar og furanar	Dioksinar, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C_{10} - C_{13} (kloralkanar C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C_{14} - C_{17} (kloralkanar C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan **(**2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylatar:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilatar	OF, OP, OFE, OPE

Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelsar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelsar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelsar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelsar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelsar
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer	PFOA
Perfluoroktansyre	
C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelsar:	
Tributyltinnforbindelsar	TBT
Trifenyltinnforbindelsar	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelsar	DBT
Dioktyltinnforbindelsar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbonar	PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP

Bisfenol A	BPA

Siloksanar	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylfenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)fenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)fenol	UV-350

Vedlegg 2 – Definisjonar

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelte i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelte i Norsk Standard lagt til grunn.
I dei høve der det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er meir dekt av anna norsk lovverk/standard, gjeld følgjande definisjonar:

Avløpsvatn: sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn

Behandling: prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne.

Fast dekke: dekke som har ei hard overflate, for eksempel asfalt. Ikkje grus eller liknande.

Handtering: fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring mens ein ventar på av gjenvinning eller sluttbehandling.

Køyrefast dekke: dekke som har ei hard overflate, for eksempel grus.

Lagring: all oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna godkjent mottak.

Omlasting: all overføring/fysisk flytting av sortert avfall fra ei oppbevaringseining til meir tjenelig oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar.

Ordinært avfall: Avfall som ikkje er definert som farleg, eksplosivt avfall eller radioaktivt.

Organisk avfall: matavfall, hageavfall og anna nedbrytbart avfall frå hushald og næring, inkludert avfall frå industri, landbruk, akvakultur og avløpsslam.

Overvatn: overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn.

Sortert avfall: avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar.

Reint trevirke: Trevirke som ikkje er behandla eller påført noko form for overflatebehandling, for eksempel maling, lim og lakk.

Tett dekke: fast ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei materiala/avfallstypane som skal handterast på eller i same område som det tette dekket er (vatn, væske, faste stoff og liknande). I dag reknar vi normalt betong som tett dekke.

Usortert avfall: avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling.